(Referanse må oppgis)

Vår referanse: 08/01124-1
Arkivkode: 084012
Saksbehandler: Jorunn Teien Leegaard/Per Stava
Deres referanse:
Dato: 06.05.2008

De regionale FoU-instituttene
Agenda Utredning og Utvikling AS
ISF
PwC
NIBR
NTNU Samfunnsforsknings AS
Rokkansenteret
Universitetet i Oslo v/ ISV
Universitetet i Bergen v/ ISP og IOA
Universitetet i Tromsø v/ ISV

Tilbudsinvitasjon FoU-prosjekt "Utvikling av lokaldemokratiindikatorar"

Hovudstyret i KS har vedteke ei lokaldemokratiplattform (vedlagd). KS ønskjer nå å få utvikla demokratiindikatorar som kan gi mål på lokaldemokratitilstanden både i den einskilde kommune og samla sett i Noreg. Tanken er at dersom det blir ei nokolunde samanfallande forståing om kva som kjenneteiknar godt lokaldemokrati – og ein får indikatorar som seier noko om korleis den einskilde kommune skårar på desse indikatorane, vil det gi eit mykje betre grunnlag for demokratiutvikling enn om ein ikkje har slike indikatorar. Indikatorane skal kunne nyttast både av den einskilde kommune, av KS og i den offentlege debatten om lokaldemokratiet i Noreg.

Hovudproblemstillingar
Indikatorutviklinga skal ta utgangspunkt i lokaldemokratiplattforma og må sjåast som ei konkretisering av denne.

Indikatorane bør utviklast med data frå to grupper – innbyggjarane og dei folkevalde. I eit representativt demokrati handlar dei folkevalde på vegne av innbyggjarane. Det er då interessant kva begge grupper meiner om demokratiet i kommunen – og kor godt synspunkta deira samsvarar.

Data til indikatorane må i hovudsak skaffast gjennom representative innbyggjarundersøkingar (spørjeskjema) og intervju med alle folkevalde i kommunen. Bortsett frå data om val og valdeltaking finst det lite offentleg statistikk ein kan byggje på. Spørjeskjema bør supplerast med statistiske eller andre data der det er mogeleg. Vi ser for oss to spørjeskjema, eitt som skal brukast på representative utval av innbyggjarane og eitt som skal brukast på fylkestings- og kommunestyrerepresentantane.

Kvart spørjeskjema bør ha om lag 30 spørsmål, for ikkje å bli for omfattande, og noen av spørsmåla bør vere felles for begge skjema. Det er ønskjeleg at ein i nokon mon nyttar spørsmål som tidlegare er nytta, t.d. i lokaldemokratiundersøkingane KRD får gjennomført ved kvart lokalval eller i Kommunekompasset. Ein må likevel rekne med å lage nye spørsmål.

KS ønskjer også ei vurdering av ulike metodiske omsyn, t.d. om ein skal nytte ein gjennomgåande skala (t.d. 0-10), eller om ein kan nytte ulike skalaer (m.a. for å sikre samanlikning med andre undersøkingar der same spørsmål er nytta).

Vi ser for oss at utarbeiding av skjema skjer i samarbeid med kommunar, og i dialog md KS, og at prosjektet omfattar ei utprøving av skjema. KS ønskjer tilbod ut frå følgjande føresetnader:

- møter med representantar for pilotkommunar, referansegruppe og KS før testing av spørjeskjema
- telefonintervju med representative utval innbyggjarar
- intervju med kommunestyrerepresentantar (og evt fylkestingsrepresentantane)
- møter med representantar for pilotkommunane og KS etter at intervjuopplegga er gjennomførte og forslag til endelege indikatorar er utarbeidde.
- rapport med endeleg forslag til indikatorar og ein kortfatta handbok for kommunar som skal ta spørjeundersøkinga/indikatorane i bruk.

Vi ser ikkje for oss at resultata frå spørjeundersøkingane kan oppsummerast i ein indikator, men vi ønskjer heller ikkje 30 x 2 indikatorar. Oppdragstakar bør ut frå intervjuresultata kome med framlegg til fornuftige grupperingar. Sluttresultatet frå prosjektet er følgjeleg to spørjeskjema med kommentarar og framlegg til gruppering av indikatorar, og forslag til valdeltakingsindikator(ar) og eventuelt andre indikatorar baserte på tilgjengelege data.

Rammer for oppdraget
Prosjektet vil ha ei økonomisk ramme på inntil kr 900.000,- inkl mva. Vi ønskjer referansar til tidligare gjennomførte oppdrag som har relevans for gjennomføring av dette oppdraget, og som dokumenterer tilbydars kompetanse på feltet. Vi ber om at tid for de ulike aktivitetane i prosjektet visast, samt at totalkostnadene for prosjektet spesifiserast. Det vil opprettes ei referansegruppe for prosjektet. KS' standardkontrakt vil bli lagt til grunn i prosjektet, sjå vedlegg. For prosjekter der det er to eller fleire leverandørar som samarbeidar om tilbod, ønskjer KS at ein av aktørane skal være prosjektleiar og kontraktsansvarleg.

Frist for å kome med forslag til prosjekt er **26. mai 2008 pr e-post**, og det er planlagt **forhandlingar med aktuelle tilbydarar i uke 23**.

Faglig ansvarleg er Per Stava tlf 24 13 27 70 per.stava@ks.no og FoU ansvarleg er Jorunn Leegaard mob 90 07 08 06 jorunn.leegaard@ks.no.

Med venleg helsing

Jorunn Teien Leegaard (s)
fagleder KS FoU